



Nyhetsbrev til våre transportører!

I denne utgåva:

- Informasjonsrunde
- Full fangst av egenandel
- SUTI
- Rekvisisjonspraksis
- Månadens intervju
- Stafettpinne
- Telefonlister
- Blomst
- Kvar er Pasientreiser?

Vedlegg:

- Telefonliste
- Registreringsskjema
- Rekvisisjonspraksis

Send oss gjerne bilete vi kan bruke i seinare nyhetsbrev! Tips og tilbakemeldingar vert motteke med takk.

Mailadresse for tilbakemeldingar:

pasientreiser@helse-forde.no

Informasjonsrunde

Pasientreiser har siste tida vore rundt i mange kommunar i fylket og informert om ny rekvisisjonspraksis og utfylling av reiserekning.

Vi besøker behandlarar, transportørar og ulike lag og organisasjonar. Dei behandlarane som har tilgang på helsenett får tilbod/ hjelp til å kople opp elektronisk rekvirering av drosje. Kontor som no er klare til oppstart er Askvoll, Bremanger, Flora, Førde, Hyllestad, Jølster og Naustdal. Fleire kontor er under oppsegling.

Vi legg opp til å ha vore rundt til alle som vil ha besøk over sommaren. Dersom de vil ha besøk er de fint om finn nokre høvelege tidspunkt og melder frå til oss.

Dersom de ynskjer besøk høyrer vi gjerne frå dykk. Ring Frode Romarheim på 415 30 494 eller mail

Full fangst av egenandel—Registrering av alle turar

I Samband med HELFO (Helsedepartementets økonomiforvaltning) sitt prosjekt med automatisk frikort vil vi i løpet av dei næraste månadane registrere alle pasientreiser med drosje i NISSY.

Vi startar opp registrering av alle reisene i Selje, Vågsøy og Eid måndag 26.april. Påfølgande mandag den 3.mai vert det Sunnfjord som skal ut. Vi vil kvar veke framover rulle ut nokre nye kommunar, til alle er komt med. Dette skjer i tett dialog med Rekvirentanene. Transportørane i dei aktuelle kommunane vert informert i forkant av oppstart. Det er laga til eit lite informasjonsbrev til pasient som ein kan ha med seg i bilen i starten.

NB! På våre informasjonsrundar rundt på legekontora er mange legar blitt merksame på at det berre er på medisinsk grunnlag dei skal rekvirere. Dersom det ikkje går buss og ein ikkje har høve å køyre sjølv, kan ein ringe Pasientreiser som då vil hjelpe til med å organisere reisa. Dette er egentleg ikkje ein nyhet, men informasjonsrunden ut har gjort at mange legar no merkar seg dette og endrar praksis.

Prøvedrift SUTI i Gulen

Etter ein testperiode i vinter der Bergen Taxi såg seg nøydd til å gjere endringar i systemet sitt, er dei no klare til prøvedrift i gulen.

Bergen Taxi og Gulen taxi testa i vinter ut SUTI. Resultata synte at dei då fortsatt hadde nokre tekniske utfordringar. Sidan den gang har dei gjort tilpasningar og mandag 26.april starta dei opp prøvedrift.


Alle turar til Gulen går no gjennom SUTI. Vi håpar no at dei tekniske utfordringane er løyst og at systemet viser seg å fungere i kvardagen seier Nils Helge Friborg ved Pasientreiser.

Prøvedrift SUTI i Vågsøy og Gaular

Måløy taxi, Viksdalen Taxi, TTS og Pasientreiser gjennomfører no tekniske testar. Det er utplassert eit testtaxameter på Køyrekontoret. Det tekniske ser ut til å fungere, men her er nokre organisatoriske utfordringar der vi må bli einige om korleis vi brukar systemet.

SUTI

SUTI er eit dataspråk som vert nytta i kommunikasjon mellom taxameter og sentralserver. Helseforetaka sitt dataverktøy NISSY har valgt dette dataspråket som sin standard for drosjebestillingar. SUTI er ein svensk standard som også er mykje nytta i Norge som t.d.hos Oslo Taxi.



Mål:

- Forenkling av bestillingsrutinar for pasientreise
- Forenkling av taksameterrutinar i bil
- Mindre manuell innlegging i taxameter
- Informasjon går direkte frå rekvirent til sjåfør
- Betre kvalitet på reiseinformasjon
- Betre og sikrere personvern

Ny rekvisisjonspraksis

Etter at helseforetaka overtok ansvaret for pasientreiser frå NAV er det sett i verk fleire organisatoriske grep.

Regelverket og pasientrettene er uforandra. Helseforetaka har no etter høyringsrundar laga ein rekvisisjonspraksis. Dette dokumentet gir retningslinjer for rekviert om kva og korleis ein skal rekvirere.

Ein viktig ting vi kan nemne her er at det er behandlar som er ansvarleg for å rekvirere når det er behov for drosje til eiga behandling. Det er gjort unnatak for at fastlege kan rekvirere til første gangs behandling. Det vert også sagt at alle reisebehov skal vere innmelde yrkedagen i førevegen innan kl 1300. Unnataket her er ØH.

Sjå vedlagt rekvisisjonspraksis.

Månadens intervju: Kjetil Myklebust



Kjetil er 56 år gamal og har jobba hos Pasientreiser Helse Førde sidan mai 2005. Han har soleis vore med nesten sidan helseforetaka overtok Pasientreiser. Kjetil arbeider som reisekoordinator og er ei kjent røyst for dei fleste sjåførar.

Kjetil har over 28 år bak seg i ambulansetenesta og var stasjonsleiar i Gloppen. Han har soleis arbeidd mesteparten av si yrkeskarriere med å hjelpe pasientar til og frå behandling.

Ord for dagen:

Tenk framover og planlegg dagen, så vil du på kvelden få tid til ein kaffi i hagen.

Stafettpinnen hos Drosjene i Stryn

Drosjene i Stryn som har kontraktsavtale med Pasientreiser Helse Førde består i dag av dei 5 løyvehavarane i Stryn kommune. Bilparken består av om lag 12 bilar. Desse er tilpassa marknaden og behova knytt til Pasientreiser.

Stryn er ein stor kommune med nærare 7000 innbyggjarar. Kommunen har eit senter der tyngda av den kommunale trafikken går. Den interkommunale køyringa er hovudsakleg delt i to — Førde og Eid. Her er også noko trafikk nordover til Møre. Behovet for rullestolbil er i dag begrensa og to bilar handterer dette greit.

Nokre av løyvehavarane nærmar seg aldersgrensa for pensjon, og signalet er at 1-2 ynskjer å nytte reglane i pensjonsreforma.

Favorittbilen er det delte meiningar om. Nokre svergar til Mercedes R klasse andre til Subaru. Vi merkar oss at det vert hevda at diesel boxeren i Subaru kan klare seg med 0.4 l/mil og at Mercedes har god driftsstabilitet.



Telefonlister og bilskjema

Vedlagt dette informasjonsskrivet er det telefonlister som også gir ei oversikt over bilparken. Det er viktig at desse listene er oppdatert. Vi bed om at de alle sjekkar ut at oppføringar som er registrert på dykk er oppdaterte.

Dersom de har endringar kan de fylle ut bilregistrerings-skjemaet som ligg vedlagt.

Blomst til Petra Felde Skrede

Fleire legekantor er no begynt å rekvirere elektronisk. Fysioterapeuten på Skei er den fyrste fysioterapeuten på vestlandet som har teke i bruk den elektroniske rekvireringsmodulen. Blomst og skryt til Petra Felde Skrede frå Pasientreiser.

Kvar er Pasientreiser?



Den første med rett svar vil få ein overraskelse i posten. Send svaret til trdj@helse-forde.no

Stikkord:
Kjent seglingsled

Rett svar forrige gang var:
Hornindalsvatnet. Her ser vi frå Kjøs Bru.

Vinnar var ikkje overraskande: drosjene i Hornindal.

